

# Marit Silje Årnes Husabø

---

**Emne:** VS: Søknad om støtte til prosjektstilling for nynorsk

**Fra:** Nils Mæhle <[nils.mahle@outlook.com](mailto:nils.mahle@outlook.com)>

**Sendt:** torsdag 26. september 2019 15:40

**Til:** Jenny Ellaug Følling <[jenny.folling@sfj.no](mailto:jenny.folling@sfj.no)>

**Emne:** Søknad om støtte til prosjektstilling for nynorsk

Fylkesordførar Jenny Følling,

Hei, og viser til Bergenskonferansen for nynorsk i april 2019. Du hadde eit viktig innlegg.

Hordaland Mållag har ei prosjektstilling for nynorsk, som til no har vore finansiert i ein dugnad mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Noregs Mållag, Hordaland Mållag, Bergen Mållag og andre mållag i Hordaland.

No skal vi utvida området for stillinga, og søker Vestland fylkeskommune om støtte saman med tidlegare samarbeidspartar.

Så til spørsmålet: Kan Sogn og Fjordane medverka med ein mindre sum for 2019, t.d. kr 50 000,- slik at vi best mogeleg kan fullfinansera stillinga for inneverande år. Hordaland fylkeskommune har tidlegare løyvt kr 100 000,-

Aktuelle arbeidsoppgåver for stillinga vil vera (ny prosjektperiode 01.01.20 – 31.12.21):

- Generelt arbeid for nynorsk språk og kultur i Vestland fylkeskommune
- Oppgåver for fylkeskommunen:
  1. Målbytet mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring både i Hordaland og Sogn og Fjordane.  
Kartlegging og tiltak
  2. Opplæring i nynorsk for medarbeidarar i den nye fylkeskommunen
- Andre oppgåver etter samtale med fylkeskommunen

Live Havro Bjørnstad har prosjektstillinga i dag, og vil gjerne halda fram. Ho har ein god CV, og utført arbeidet til no på ein svært god måte.

Om det er ønskjeleg, kan eg gje nærmere informasjon.

Beste helsing  
Nils Mæhle

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10